

Stortingets president  
Stortinget  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
24/3173-

Dato  
7. august 2024

## Svar på skriftleg spørsmål nr. 2495

Eg viser til brev frå Stortingets presidentskap 5. august 2024 med spørsmål til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Aleksander Stokkebø.

Spørsmålet frå representanten lyder: «At Oslo og Rogaland, på tross av søknader, ikke har fått godkjent et eneste turiststed, kan indikere en forskjellsbehandling mellom fylkene. Hva vil statsråden gjøre for å sikre at statsforvalteren gir fylkene en likeverdig mulighet til å ha søndagsåpne butikker ved sine turiststeder (Jeg ber om en oversikt over hvilke steder i Norge som av statsforvalterne er definert som "typisk turiststed", samt hvilke fylker befinner disse seg i)?»

Helligdagsfredloven § 5 om at faste utsalsstadar skal halde stengt på heilagdagane, gjeld i heile landet. Det er eit unntak for «utsalssteder på områder som etter vedtak av statsforvalteren regnes som typiske turiststeder». Det er same vilkår i alle fylke for å gje typiske turiststadstader unntak frå forbodet mot at faste utsalssteder sel varar til forbrukarar på heilagdagane. Statsforvaltarane utøver skjønnet som ligg i føresegna. I Oslo og andre kommunar med mange innbyggjarar kan det vere krevjande å oppfylle vilkåret om at «salget i de aktuelle periodene hovedsakelig skjer til turister».

Eg ba nyleg om informasjon frå statsforvaltarane om turiststad-unntaka. I tabellen nedanfor er kommunane som har turiststad-unntak fordelt per fylke. Eg må ta same atterhald som i svaret eg gav 20. desember 2022 på skriftleg spørsmål 709 for perioden 2022–2023: Informasjonen her skil ikkje mellom stader som er typisk turiststad heile året og dei som er det delar av året. Lista skil heller ikkje mellom kommunar der heile kommunen er typisk

turiststad og kommunar der berre delar er det. Sjå nærare NOU 2017: 17 punkt 5.5.6. Eg tek atterhald om at kommunegrenser og -namn kan ha blitt endra.

Det gjeld turistunntak i 121 kommunar i den siste kartleggjinga, sjå tabellen nedanfor. Nokre kommunar har fleire turiststader. Ein kan summere tale på typiske turiststader til 140. Endringar dei siste månadene er ikkje reflektert her.

<i>Fylke</i>	<i>Kommunar</i>
Agder	Bykle, Evje og Hornnes, Farsund, Gjerstad, Grimstad, Kristiansand, Kvinesdal, Lillesand, Lindesnes, Lyngdal, Risør, Sirdal, Søgne, Tvedestrand, Valle
Akershus	Asker, Fet, Frogn, Lørenskog, Vestby
Buskerud	Flesberg, Flå, Gol, Hemsedal, Hol, Krødsherad, Nesbyen, Nore og Uvdal, Rollag, Sigdal, Ål
Finnmark	Nordkapp
Innlandet	Dovre, Engerdal, Folldal, Gausdal, Grue, Jevnaker, Lesja, Lom, Løten, Nord-Aurdal, Nord-Fron, Nordre Land, Os, Rendalen, Ringebu, Ringsaker, Skjåk, Stor-Elvdal, Sør-Aurdal, Sør-Fron, Trysil, Vang, Vestre Slidre, Øyer, Øystre Slidre, Åmot
Møre og Romsdal	Fjord, Fræna, Rauma, Smøla, Stranda, Sunndal, Ørstad
Nordland	Alstahaug, Bodø, Fauske, Flakstad, Moskenes, Vega, Vestvågøy, Vågan
Rogland	Hå
Telemark	Bamble, Hjartdal, Kragerø, Kviteseid, Nissedal, Porsgrunn, Tinn, Vinje
Troma	Senja
Trøndelag	Flatanger, Frosta, Frøya, Hitra, Leka, Lierne, Namskogan, Oppdal, Orkland, Osen, Rennebu, Roan, Røros, Tydal, Åfjord
Vestfold	Færder, Larvik
Vestland	Askvoll, Aurland, Austevoll, Balestrand, Bremanger, Eidfjord, Fedje, Jølster, Kvinnherad, Lærdal, Modalen, Stryn, Tysnes, Ullensvang, Vaksdal, Voss
Østfold	Fredrikstad, Hvaler, Marker, Rygge, Trøgstad

Med helsing

Kjersti Toppe